



Kriseberedskapsplan

Sogndal IL Fotball

Gjeld også for alle lag i klubben

16.03.2026



1. Overordna prinsipp	3
1.1 Krise/hending	3
1.2 Prinsipp for handtering.....	3
1.3 Prioriteringar ved krise.....	3
2. Når ei krise oppstår	3
2.1 Varsling	3
2.2 Organisering av krisearbeidet.....	4
2.2.1 Beredskapsgruppe	4
2.2.2 Operativ handtering	4
2.2.3 Krisesenter	5
3. Informasjon og kommunikasjon	5
3.1 Intern informasjon	5
3.2 Handtering av media	5
3.3 Truande eller vanskelege situasjonar	6
4. Debrifing og oppfølging	6
5. Etterarbeid og evaluering	6
Varslingsliste ved kriser eller alvorlege ulukker	7
Nødetatar.....	7
Kriseleiing i Sogndal Fotball	7



1. Overordna prinsipp

1.1 Krise/hending

Ei krise er ei alvorleg hending som krev rask og koordinert handling frå klubben. Døme kan vere:

- Alvorleg skade eller dødsfall under trening eller kamp
- Ulykke under reise til eller frå kamp
- Brann eller ulykke på stadion eller treningsanlegg
- Vold, truslar eller alvorlege konfliktsituasjonar
- Brott på etiske retningslinjer eller andre alvorlege saker

Ei hending kan vere mindre alvorlege situasjonar som likevel krev oppfølging.

1.2 Prinsipp for handtering

Beredskapsplanen gjeld for alle lag, trenarar, tilsette og tillitsvalde i Sogndal IL Fotball.

Planen skal:

- vere kjent for leiarar, tilsette og trenarar
- brukast ved alle arrangement, kampar og reiser
- sikre god informasjonsflyt i organisasjonen
- bidra til rask og effektiv handtering av kriser

Alle hovudleiarar skal vere førebudde på kriser og ha tilgang til førstehjelpsutstyr.

1.3 Prioriteringar ved krise

Ved ei krise skal følgjande prioriterast:

1. Redde og sikre menneskeliv
2. Ta vare på skadde og involverte
3. Ivareta pårørande
4. Sikre korrekt informasjon internt og eksternt
5. Beskytte materielle verdiar

2. Når ei krise oppstår

2.1 Varsling

Ved alvorleg hending skal ein:

1. Stanse aktiviteten umiddelbart
2. Vurdere situasjonen



- kva har skjedd
 - kor alvorleg situasjonen er
 - om personar er skadde
3. Varsle nødetatar
 - **113 – ambulanse**
 - **110 – brann**
 - **112 – politi**
 4. Gi førstehjelp dersom kompetanse finst
 5. Evakuere området dersom det er fare for liv og helse
 6. Varsle ansvarleg trenar eller leiar
 7. Kontakte klubbens krisegruppe

Ved alvorlege hendingar skal klubbleiinga informerast så raskt som mogleg.

2.2 Organisering av krisearbeidet

2.2.1 Beredskapsgruppe

Sogndal IL Fotball har ei krisegruppe som består av:

- Dagleg leiar
- Styreleiar
- Nestleiar
- Sportsleg leiar (når relevant)
- Utviklingsansvarleg (når relevant)
- Arrangementsansvarleg (når relevant)

Krisegruppa skal:

- skaffe oversikt over situasjonen
- vurdere alvorlegheitsgrad
- koordinere tiltak
- fordele oppgåver
- sikre god oppfølging av involverte

Kriseleiinga kan samlast fysisk eller digitalt ved behov.

2.2.2 Operativ handtering

Når ei krise oppstår skal klubben:

- sikre liv og helse
- avgrense skadeomfang



- stenge av relevante område ved behov
- sikre anlegg og utstyr dersom det er fare for ytterlegare skade

Alle tiltak og hendingar skal dokumenterast.

Dette kan inkludere:

- tidspunkt for hendinga
- kva tiltak som er gjennomført
- Vitneforklaringar
- bilete av skade eller situasjon dersom relevant.

2.2.3 Krisesenter

Ved større hendingar kan det opprettast eit samlingspunkt for pårørande.

Formålet er å:

- gi informasjon
- gi støtte og oppfølging
- koordinere kontakt med hjelpeapparat

Politiet avgjer når namn og informasjon kan offentleggjerast.

3. Informasjon og kommunikasjon

3.1 Intern informasjon

Alle involverte skal få nødvendig informasjon om situasjonen.

Dette kan skje gjennom:

- møte
- melding til aktuelle i klubben (tilsette, lag og trenarar)
- kontakt med føresette

Det kan opprettast ein kommunikasjonskanal (t.d. SMS eller WhatsApp) for oppdatert informasjon.

3.2 Handtering av media

Det er viktig at kun dei som er informert og er utvalgt til å snakke med media i den aktuelle saka uttalar seg på vegne av klubben. **Dette blir styrt av kriseleinga.**

Dette sikrar korrekt og samla informasjon.



Ingen skal dele sensitiv informasjon på sosiale medium før pårørende er informerte.

3.3 Truande eller vanskelege situasjonar

Ved møte med truande personar eller konfliktrar skal ein:

- halde roen og opptre profesjonelt
- unngå å eskalere situasjonen
- halde trygg avstand
- kontakte ansvarleg leiar eller politi ved behov

Ved truslar eller vald skal politiet kontaktast umiddelbart.

4. Debrifing og oppfølging

Etter ei alvorleg hending skal klubben tilby oppfølging til dei involverte.

Dette kan inkludere:

- samtalar eller debrief
- møte for involverte (og føresette der dette er relevant)
- hjelp frå profesjonelt krisepersonell

Debrief bør gjennomførast kort tid etter hendinga for å gi støtte og bearbeiding.

5. Etterarbeid og evaluering

Etter ei krise skal klubben:

- skrive rapport om hendinga
- evaluere handteringa
- oppdatere beredskapsplanen dersom nødvendig

Alle tiltak og avgjerder bør loggførast slik at ein kan lære av situasjonen og forbetre beredskapen.



Vedlegg:

Varslingsliste ved kriser eller alvorlege ulukker

Nødetaar

Ved alvorleg hending skal desse kontaktast først:

Instans	Telefonnummer
Medisinsk nødtelefon	113
Brann	110
Politi	112

Kriseleiing i Sogndal Fotball

Namn	Rolle	Telefon
Ingrid Narum	Konstituert dagleg leiar	926 01 421
Jan Rune Årøy	Styreleiar	950 44 240
Trude Ramstad	Nestleiar	952 20 028